

## KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/16/20

av 12. oktober 2006

om endring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF om unntak for bruk av seksverdig krom, for å tilpasse vedlegget til den tekniske utviklinga<sup>(\*)</sup>

[meldt under nummeret K(2006) 4791]

(2006/692/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

bruken av farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr kan avskaffast gradvis etter kvart som desse stoffa vert bytte ut med andre stoff.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 5 nr. 1 bokstav b), og

4) I medhald av artikkel 5 nr. 1 bokstav c) i direktiv 2002/95/EF må kvart unntak i vedlegget vurderast på nytt minst kvart fjerde år eller fire år etter at eit punkt vert lagt til i lista.

ut frå desse synsmåtane:

5) Direktiv 2002/95/EF bør difor endrast.

1) I samsvar med direktiv 2002/95/EF krevst det at Kommisjonen vurderer visse farlege stoff som er forbodne i medhald av artikkel 4 nr. 1 i det nemnde direktivet.

6) I medhald av artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2002/95/EF har Kommisjonen rådspurt dei partane som det gjeld.

2) Visse materiale og komponentar som inneheld seksverdig krom, bør få unntak frå forbodet, fordi det enno er uråd å unngå bruk av dette farlege stoffet i dei nemnde materiala og komponentane, eller fordi den negative innverknaden dei har på miljøet, helsa eller tryggleiken til forbrukarane på grunn av utskifting er venta å vere større enn føremonene for miljøet, helsa eller tryggleiken til forbrukarane. Unntaket vert gjeve på grunnlag av resultatata frå ein revisjon som er utført av teknisk sakkunnige, samstundes som det vert teke omsyn til tilgjengelege prov frå granskingar, frå dei partane som det gjeld, og frå andre vitskapelege/faglege kjelder. I denne revisjonen vart det slått fast at det framleis ikkje er teknisk eller vitskapeleg mogleg å fjerne eller å bytte ut dette stoffet før 1. juli 2007. Eit liknande unntak er fastsett i direktiv 2000/53/EF om kasserte køyretøy.

7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 18 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/12/EF<sup>(2)</sup>—

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedlegget til direktiv 2002/95/EF skal nytt nr. 28 lyde:

3) Nokre av unntaka frå forbodet bør for visse materiale eller komponentar ha eit avgrensa verkeområde, slik at

«28. Seksverdig krom i rustførebyggjande middel for umåla metallplater og festeinnretningar nytta som rustvern og vern mot elektromagnetisk interferens i utstyr som høyrer inn under kategori 3 i direktiv 2002/96/EF (IT- og telekommunikasjonsutstyr). Det vert gjeve unntak fram til 1. juli 2007.»

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 283 av 14.10.2006, s. 50, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 7/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 33, 12.6.2008, s. 12.

<sup>(1)</sup> TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2006/310/EF (TEU L 115 av 28.4.2006, s. 38).<sup>(2)</sup> TEU L 114 av 27.4.2006, s. 9.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 12. oktober 2006.

*For Kommisjonen*

Stavros DIMAS

*Medlem av Kommisjonen*

---